



Therese Urdahl Braseth

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1555 - 14/27917

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

15.12.2014

Storstova Leiknes- godkjenning av romprogram og val av løysing

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen

avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Andre mottakarar:

Therese Urdahl Braseth

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
093/14	Levekårsutvalet	PS	28.10.2014
092/14	Formannskapet	PS	30.10.2014
100/14	Kommunestyret	PS	27.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Therese Urdahl Braseth	14/1555

Storstova Leiknes- godkjenning av romprogram og val av løysing

Vedlegg:

Alternativ 1 hall og garderober oppe - 35 mill

Alternativ 1 parkering, lager og sosialt rom nede - 35 mill

Alternativ 2_hall oppe_garaderobe-sosialt rom og lager nede

Alternativ 3_hall og garedrobe nede_ auditorium _sosialt rom og ekstra lager oppe_ny utsendelse.

Uttale bygdelaget

uttale frå skulen -Storstova Leiknes.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1: Kommunestyret vel alternativ 2 for vidare arbeid med Storstova på Leiknes, slik det er framstilt i saka.

2: Kommunestyret godkjenner romprogram for Storstova på Leiknes i høve til punkt 1 i vedtaket.

Levekårsutvalet - 093/14

LE - behandling:

Therese Urdahl Braseth orienterte i saka:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 28.10.2014:

1: Kommunestyret vel alternativ 2 for vidare arbeid med Storstova på Leiknes, slik det er framstilt i saka.

2: Kommunestyret godkjenner romprogram for Storstova på Leiknes i høve til punkt 1 i vedtaket.

Formannskapet - 092/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1: Kommunestyret vel alternativ 2 for vidare arbeid med Storstova på Leiknes, slik det er framstilt i saka.

2: Kommunestyret godkjenner romprogram for Storstova på Leiknes i høve til punkt 1 i vedtaket.

Kommunestyret - 100/14

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1: Kommunestyret vel alternativ 2 for vidare arbeid med Storstova på Leiknes, slik det er framstilt i saka.

2: Kommunestyret godkjenner romprogram for Storstova på Leiknes i høve til punkt 1 i vedtaket.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Storstova på Leiknes ligg i budsjettplan for 2015 med 28 mill (alle tal inkl mva). Bakgrunnen for dette er at det i budsjettarbeidet for 2014 vart vist fram eit alternativ, utarbeidd i tett

samarbeid med skulen og Bygdelaget 5915, som vart kostnadsberekna til 35 mill. Politikarane vedtok å løyve 28 mill i 2015 og sendte prosjektet i retur til administrasjonen med ei bestilling om å redusere omfanget slik at ein kom ned i ramma på 28 mill. Det er no gjort.

Prosjektet er organisert via eigedom ved einingsleier og prosjektleier og leigde konsulentar og arkitekt. Det har vore to referansegrupper. Administrativ bygge og anleggsgruppe med rådmann, ass. rådmann, kommunalsjef oppvekst, einingsleier eigedom, prosjektleier eigedom, rektor på skulen, hovudtillitsvald, miljøretta helsevern og einingsleier reinhald. Den andre referansegruppa har vore Bygdelaget 5915.

På bakgrunn av møter internt i dei ulike referansegruppene og fellesmøter mellom bygdelag og skulen har ein komme fram til 3 ulike alternativ.

Alt 1: Estimert kostnad: 35 mill. Dette er alternativet som vart presentert på Voss i samband med budsjettforhandlingane i 2013. Administrasjonen har tatt dette alternativet med, for å vise korleis hallen såg ut når ein tilfredsstilte alle krav og behov til skulen og Bygdelaget 5915.

Krava til tippemidlar er oppfylt i høve til storleik på bane, styrkerom og garderober. Krava er og oppfylt i høve til å søkje om midlar på auditorium og sosialt rom. Bygget er i to plan med parkering, god lagerplass, tekniske rom og sosialt rom i plan 0. Hall, auditorium og garderober i plan 1. Det er inngang frå skulen rett inn i hall utan bruk av heis. Det er og opning frå uteamfi til scene inne med ei dør. Ned til plan 0 er det trapp og heis.

Alt 2: Estimert kostnad: 28 mill. Krava til tippemidlar er likt som for alt. 1 bortsett frå sosialt rom som må være 100 m² for å få stønad. Bygget er i to etg med dei same funksjonane som alt 1, sett bort frå parkering og nokre mindre lagerareal. Garderobe og hall er i ulike plan.

Alt 3: Estimert kostnad: 28 mill. Krava til tippemidlar er likt som alt 1 bortsett frå sosialt rom som må være 100 m². Bygget er i hovudsak i eit plan i nivå 0. Lager, sosialt rom, auditorium, trapp/heis og WC i plan 1. Elles er det ope ned til hallen frå eit galleri. Funksjonane er dei same som alt. 2, men sosialt rom er mindre.

Vurdering

Målet for prosjektet har vore å få ein hall som kan fungere som gymsal for skulen i skuletida, ha eit auditorium til bruk for skulen og for bygda, ei bane i storleik for volleyballspill (9*18m), garderober, styrkerom og sosialt rom. Det sosiale rommet er i utgangspunktet etter ynskje frå bygdelaget og skal vere eit grovrom for mekking av maskinar, sykklar, bruk av naturmaterialar etc. Storstova skal vere ei stad bygda og skulen kan samlast ved store arrangement som til dømes 17. mai, avsluttingar til jul, sumar etc.

For skulen har det vore viktig å få hall-flate for å utøve gymnastikk, scene inne og ute-scene, lagerplass for skule og eit auditorium.

Bygdelaget 5915 har følgjande prinsipielle føresetnader: Storstova skulle byggjast i to plan, funksjonane i Storstova inklusiv auditorium, sosialt rom og ute scene/amfi skulle ivaretakast. Areal skulle vere kvalifisert for tippemidlar og Storstova skulle ha aktivitetsflata/forsamlingslokalet i same høgda som skuleplassen.

Administrasjonen meiner alle tre alternativa er gode alternativ reint bygningsmessig. Vurderingane er basert på uttalar frå skulen og Bygdelaget 5915 som er vedlagt i saka. Sjå

vedlegg.

Alle tre alternativ gjer ei fleirbrukshall til bygda.

Alternativ 1 vart teikna basert på innspel frå bygdelag og skulen og er såleis det eineste alternativet kor ein har ivareteke alle dei krav og behov dei ulike aktørane har hatt. Då dette alternativet er kostnadsberekna til 35 mill, ligg det over løyvd ramme og er difor ikkje eit alternativ administrasjonen vil tilrå. Det er med for å vise utgangspunktet til prosjektet og korleis ein løyste alle krava til referansegruppene.

Alternativ 2 er det alternativet prosjektgruppa har jobba mest med. Det var også dette prosjektet som var oppe i administrativ bygge- og anleggsgruppe. Dette alternativet er både skulen og bygdelaget nøgd med, bortsett frå at skulen ikkje er nøgd med at garderobar og hall er på ulike plan. Fordelen med alternativet er at bygget er kompakt, det er godt tilpassa tomte og ein kan få plass til noko parkering på sørsida av bygget. Det er gjort vurderingar i høve til noko manglande oversikt over borna når garderobane ikkje er i same plan som hallen, men dette er søkt løyst ved å sette inn ei intern trapp frå hallen til garderobane. Skulen melder tilbake at det ikkje er avgjerande at hall og garderobar er i same plan, sjølv om det er eit ynskje og hadde vore ei fordel. Skal ein oppnå dette må ein velje alternativ 3.

Skulen ser likevel fleire fordelar med alternativ 2 som til dømes at aktiviteten i hallen er i same plan som resten av skulebygget og skuleplassen slik at denne vert ei naturleg samlingsplass utanfor hallen i staden for nedsida av skulen. Transport av utsyr og mat inn i hallen er enklare. Sosialt rom ikkje er i same nivå som skuleplassen. Det kan vere plass til parkering og snuplass på sørsida av hallen.

Bygdelaget 5915 stør også alternativ 2 då dei stettar dei prinsipielle føresetnadane nemnt tidlegare. Hallen stetter bygda sine behov, men dei meiner at lagerareala er for små og at dette burde søkjast løyst i detaljplanlegginga. Dette kan ikkje administrasjonen love, da det er eit meget komprimert bygg.

Alternativ 3 har ein stor fordel og det er at hall og garderobar er på eit plan. Dette kan vere praktisk for skulen og ved idrettsarrangement. Det vert ein oversikteleg hall kor lærarane har god kontroll på kva som skjer og kor elevane er. Dette alternativet har ikkje vore gjennomarbeidd i bygge- og anleggsgruppa og heller ikkje i samråd med Bygdelaget 5915. Bygdelaget støttar ikkje dette alternativet av denne grunn. Heller ikkje fordi dette forslaget bryt med dei prinsipielle føresetnadane deira. Ein mister kombinasjonen av ute- og innescene i same plan og at sjølve aktivitetsflata ikkje er i same plan som skuleplassen.

Bygget er lengre i utstrekning slik at ein mistar mogleg areal for parkering og snuplass på sørsida.

Det er ikkje krav om ekstra parkering i reguleringsplanen i høve til hallen, men skulen melder i dag om for liten kapasitet på parkering. Særleg ved større arrangement. Då må parkering skje på skuleplassen. Nokre parkeringsplassar ved hallen vil avhjelpe situasjonen noko, men ikkje vere utslagsgivande.

Basert på desse vurderingane, som delvis er samanfattande, rår administrasjonen kommunestyret om å velje alternativ 2 og godkjenne romprogrammet for dette alternativet.

